



Leikanger kommune

# PLANOMTALE

---

Kommuneplanen sin arealdel 2016 – 2026  
Vedteken 25. april 2019

**Dato: 21.06.2019**  
**Versjon: 03**



## Dokumentinformasjon

<b>Oppdragsgjevar:</b>	Leikanger kommune
<b>Tittel på rapport:</b>	Planomtale
<b>Oppdragsnamn:</b>	Arealdelen i kommuneplanen 2016 - 2026
<b>Oppdragsnummer:</b>	613432-01
<b>Skriven av:</b>	Hilde Ruud
<b>Oppdragsleiar:</b>	Karl Erik Johnsen
<b>Tilgang:</b>	Åpen

## Bidragsytarar

Hovudansvarleg for **planomtala** har vore Hilde Ruud. Kjell Arne Valvik har hatt ansvar for kvalitetssikring.

Hovudansvarleg for **føresegner** har vore Hilde Ruud. Diana Ekren Grundt har hatt ansvar for kvalitetssikring.

Hovudansvarleg for **konsekvensutgreiing** har vore Hilde Ruud. Ruud har og hatt fagansvar for fagtema jord- og skogbruk, strandsone og vassdrag, støy, forureining samt ureining av jord og vatn, landskapsbilete og grønststruktur, trafikkgenerering og samordna arealbruk, friluftsliv, teknisk infrastruktur og bukvalitet. Kjell Arne Valvik har hatt ansvar for overordna kvalitetssikring av konsekvensutgreiinga og fagansvarleg for fagtema kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Diana Ekren Grundt har hatt fagansvar for tema samfunnstryggleik og Anette Gundersen har hatt fagansvar for tema biologisk mangfald.

Diana Ekren Grundt har hatt hovudansvar for utarbeiding av **Risiko- og sårbarheitsanalysen** med bidrag frå Birgit Katrine Rustad og Helene Nes. Birgit Katrine Rustad har hatt hovudansvar for kvalitetssikring av ROS-analyse.

Marianne Lindau Langhelle og Tor Nestande har hatt ansvar for utarbeiding av **plankart**.

Vår kontaktperson og oppdragsansvarleg hjå **kommunen** har vore Per Holen og Odd Arve Rakstad.

03	21.06.2019	Vedteken i kommunestyret 25. april 2019	HR	KAV
02	22.06.18	Høyringsframlegg	HR	KAV
01	29.05.18	Til kommunal handsaming (7.juni og 21. juni 2018)	HR	KAV
<b>VERSJON</b>	<b>DATO</b>	<b>SKRILDRING</b>	<b>SKRIVEN AV</b>	<b>KS</b>

# Innhald

<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
1.1. Kva er kommuneplanen sin arealdel? .....	3
1.1.1. Lovgrunnlag og rettsverknad .....	3
1.2. Målet med planen .....	4
1.3. Planen sine dokument .....	4
<b>2. OVERORDNA FØRINGAR FOR KOMMUNEPLANARBEIDET .....</b>	<b>5</b>
2.1. Nasjonale føringar og rikspolitiske retningslinjer.....	5
2.2. Regionale føringar .....	5
2.3. Kommunale føringar .....	7
<b>3. PROSESS .....</b>	<b>9</b>
3.1. Medverknad og innspel.....	9
3.2. Metode.....	9
<b>4. PLANLØYSING .....</b>	<b>10</b>
4.1. Tilhøvet til tidlegare planar .....	10
4.2. Bygningar og anlegg (§11-7 nr 1) .....	12
4.2.1. Bustader .....	12
4.2.2. Fritidsbustader .....	15
4.2.3. Naust.....	15
4.2.4. Sentrumsføremål .....	16
4.2.5. Offentleg eller privat tenesteyting.....	16
4.2.6. Fritids- og turistføremål .....	16
4.2.7. Råstoffutvinning.....	16
4.2.8. Næringsbygningar .....	16
4.2.9. Idrettsanlegg .....	16
4.2.10. Kombinert bygge- og anleggsformål .....	17
4.3. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL§ 11-7 nr 2) .....	17
4.4. Grønstruktur (PBL§ 11-7 nr 3).....	17
4.5. Landbruk- natur og friluftsområdet (PBL§ 11-7 nr 5).....	18
4.6. Bruk og vern av sjø og vassdrag og tilhøyrande strandsone (§11-7 nr 6) .....	18
4.6.1. Eksisterande småbåthamner.....	18
4.6.2. Område for fiske .....	18
4.6.3. Fartsbegrensing til sjøs (bestemmelsesområde #1).....	18
4.7. Omsynssoner.....	18
4.7.1. Sikringssone, faresone m.m. – PBL §11-8a .....	18
4.7.2. Sone med særleg omsyn til landbruk, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse - PBL §11-8 c.....	19
4.7.3. Sone for bandlegging i påvente av vedtak etter pbl eller andre lover, eller som er bandlagt etter slikt rettsgrunnlag, med angivelse av føremålet, PBL § 11-8d.....	19
4.7.4. Sone der gjeldande reguleringsplan fortsatt skal gjelde uendra. Ved bruk av denne omsynssona skal kommunen vurdere om reguleringsplanane er i samsvar med nasjonale og regionale interesser, PBL § 11-8 f.....	19
<b>5. PLANDOKUMENT .....</b>	<b>20</b>

# 1. INNLEIING

## 1.1. Kva er kommuneplanen sin arealdel?

Alle kommunar er pålagt å ha ein kommuneplan, og denne skal delast i ein samfunnsdel og ein arealdel. *Samfunnsdelen* er eit strategidokument der ein tek stilling til kommunen sine langsiktige mål og utfordringar samt strategiar for å nå og møte desse. Føremålet med *arealdelen* er å fylgje opp og konkretisere strategiane frå *samfunnsdelen* og vise korleis kommunen skal nå sine mål gjennom framtidig arealbruk. Arealdelen skal gje hovudtrekka for arealdisponeringa i kommunen, gje rammer og føresetnader for kva tiltak og arealbruksendringar som kan setjast i verk og tydeleg vise kvar det finns viktige omsyn som skal ivaretakast.

Arealplanen skal gjelde i eit langsiktig perspektiv. Plan og bygningslova legg opp til vurdering av gjeldane kommuneplan i kvar valperiode, kvart 4. år.

### 1.1.1. Lovgrunnlag og rettsverknad

Kommuneplanlegginga er heimla i Kommuneleva § 5 og i Plan og bygningslova § 11-1. Etter plan- og bygningslova (pbl) §§11-5 til 11-11 er kommunestyret tillagt mynde og ansvar for å utarbeida og vedta kommuneplan.

Pbl. § 11-5 slår fast at: «Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk».

I § 11-6 går rettsverknaden av planen fram: «Kommuneplanens arealdel fastsetter framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak (...)». Dette inneber at det i utgangspunktet berre vert tillate tiltak som er i tråd med planen. På denne måten sikrar ein føreseieleg arealforvaltning i kommunen. Kommuneplanens forbod mot tiltak som er i strid med planen gjeld for alle aktørar; statlege og regionale organ, kommunen sjølv og private aktørar.

Unntak frå kommuneplanen sin arealdel kan berre skje gjennom dispensasjonsvedtak, men forvaltninga av areala bør skje planstyrt og ut ifrå eit heilskapleg perspektiv. Ein føresetnad for ein fungerande kommuneplan er difor at planen jamleg vert teke opp til vurdering og vert oppdatert ved behov.

Frå og med vedtaksdato opphevar denne arealdelen kommuneplan 2002 – 2014 og kommunedelplan for Leikanger 2008 – 2016.

Mange gjeldande reguleringsplanar vert vidareført uendra i denne planen. Desse er vist med omsynssone H910 i plankartet.

For andre reguleringsplanar seier pbl. §1-5 at «*Ny plan går ved eventuell motstrid foran eldre plan eller planbestemmelser for samme areal med mindre annet er fastsatt i den nye planen eller regional planbestemmelse*». Dette betyr at dersom det skulle oppstå motstrid mellom kommuneplanen og eldre reguleringsplanar (vedtatt før kommuneplanen) i enkeltsaker, vil kommuneplanen sette rettsverknaden av reguleringsplanen til side. Kor langt ein eventuell motstrid rekk må imidlertid bero på ei konkret tolking av planane.

Kommuneplanen sin arealdel gjev ikkje kommunen høve til ekspropriasjon, og planen medfører ingen gjennomføringsplikt for tiltaka.

Kommunen kan avslå å fremme reguleringsplan i strid med vedtatt arealplan. Dersom kommunen ynskjer at det vert fremja reguleringsplan i strid med arealplanen vert det føresett at det vert utarbeidd konsekvensutgreiing i tråd med forskrift for konsekvensutgreiing i samsvar med plan- og bygningsloven.

## 1.2. Målet med planen

Arealplanen sine hovudføre mål er å konkretisere kommunen sine strategiar for å nå mål og imøtekoma utfordringar gjennom framtidig arealbruk. For Leikanger er dette oppsummert i fylgjande punkt:

- Leggje til rette for ny utbygging, spesielt til bustadføre mål
- Sikre gangsamand, nærmiljø, natur- og kulturmiljø, landskap og fritid
- Rydde i gjeldande planar og arealføre mål i gjeldande kommunedelplan /kommuneplan
- Oppretting /digitalisering i samsvar med endra regelverk

Elles vert hovudtrekka i kommuneplan 2002 – 2014 og kommunedelplan for Leikanger 2008 – 2016 vidareføre.

## 1.3. Planen sine dokument

Arealdelen består av fylgjande:

Plankart	Planomtale	Føresegner og Retningslinjer	Konsekvensutgreiing og ROS-analyse
Plankartet er eit juridisk bindande kart som syner eksisterande arealbruk og framtidig arealbruk (sjå teiknforklaringa i arealplankartet). Plankartet har fleire stader omsynssoner (syner restriksjonar som påverkar bruken av synt areal)	Planomtalen viser korleis arealutviklinga er tenkt. Planomtale supplerer plankart og føresegner. Planomtalen inneheld omtale av korleis kart og føresegner skal tolkast og praktiserast	Føresegnene er juridisk bindande krav til arealbruk og planlegging som utdjupar plankartet.  Retningslinjene er ikkje juridisk bindande, men skal takast omsyn til ved sakshandsaming	Som del av grunnlagsmateriale for kommuneplanen er det laga ei konsekvensutgreiing. Føre målet er å sikre at omsyn til miljø og samfunn vert ivareteke.  For å kunne vurdere om areala er eigna for omdisponering/ utbyggingsføre mål er det gjort eit systematisk arbeid i ROS- analysen, dette for å få oversikt og kunnskap over dei 16 delområda som er teke inn i arealdelen

## 2. OVERORDNA FØRINGAR FOR KOMMUNEPLANARBEIDET

### 2.1. Nasjonale føringar og rikspolitiske retningslinjer

#### Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging

Desse retningslinjene fastset at planlegging av utbyggingsmønster og transportsystem bør samordnast slik at det vert lagt til rette for ein mest mogeleg effektiv, trygg og miljøvenleg transport. Det skal leggjast vekt på å utnytta moglegheitene for auka konsentrasjon av utbygginga i byggesonene for tettstodområde. Det bør leggjast vekt på å få til løysingar som kan gje korte avstandar for daglege gjeremål og effektiv samordning mellom ulike transportmåtar.

#### Rikspolitiske retningslinjer for å styrka barn og unge sine interesser i planlegginga

Det skal sikrast eit oppvekstmiljø som gjev barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader. Oppvekstmiljøet skal ha dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om barn og unge sine behov.

#### Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag

§1-8 i plan- og bygningslova: I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Byggjeforbod i 100-metersbeltet langs sjøen gjeld så langt ikkje anna byggegrense er fastsatt i kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan.

For område langs vassdrag som har betydning for natur-, kulturmiljø- og friluftssinteresser, kan det i arealdelen fastsetjast grense på inntil 100 meter der bestemte fastsette tiltak mv. ikkje skal vere tillate.

#### Strategiar for arealbruken

For jordvern gjeld vurderinga av kjerneområde jordbruk produksjon og kjerneområde jordbruk kulturmark. Slik vurdering vart utarbeidd til kommunedelplan Leikanger 2008 - 2016.

Statens vegvesen har lagt strenge restriksjonar på auka bruk av Njøsavegen (fylkesveg 185) som gang/sykkelveg til Leikanger barneskule/idrettsanlegget.

### 2.2. Regionale føringar

Regionale føringar for planarbeidet er:

- Regional planstrategi
- Strategi for tettstadutvikling
- Regional plan for klimaomstilling
- Regional transportplan
- Regional verdiskaping
- Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion

#### Regional planstrategi 2016-2020, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Regional planstrategi (RPS) er eit fylkespolitisk dokument som mellom anna gir føringar som skal fremje heilskapleg regional utvikling.

For utarbeiding av denne arealdelen har fylgjande tema vore spesielt førande:

- Demografi og levekår

Overordna mål 7: «Folkehelsa skal vere med som ein grunnleggande del i samfunnsplanlegginga.»

Ei utfordring som vert vektlagt i RPS er den komande «eldrebølga». I kommuneplanen sin arealdel er det teke omsyn til dette, der det er vurdert at allereie regulerte område ved Leikanger helsesenter på Ohnstadhaugen har tilstrekkeleg areal for utviding i fleire trinn.

Under planarbeidet er det også gjort vurderingar om eksisterande sti- system. Det er eit ynskje om å bevare og styrke eksisterande gang- og sykkelnettverk for å kunne inspirere til kvardagsaktivitet og friluftsliv.

- Globalisering og sentralisering

RPS seier at den beste måten å motverke sentralisering nasjonalt er sentralisering lokalt. Ved å styrke sentrum og bustadområder lokalt i kommunen vil dette kunne bidra til å hindre fråflytting til større tettstader.

Planframlegget legg opp til eit større buområde i Henjabakkane for å styrke bustadsituasjonen i kommunen og for å gjera Leikanger til ein attraktiv stad å busetje seg.

- Klimautfordringar

I planframlegget er det lagt vekt på å ivareta det mangfaldige landskapet i kommunen og hindre tap av biologisk mangfald. Eit mangfaldig natur- og kulturlandskap vil vere meir robust i møte med klimautfordringar.

### **Strategi for tettstadutvikling, vedteken i juni 2018**

Strategien er laga for å styrkje tettstadane våre, og for å utvikle sterkare bu-, arbeids- og serviceregionar (BAS-regionar) i fylket. Strategien er tenkt å vere eit grunnlag og styringsverktøy innan regional utvikling, men også som retningslinjer og kunnskapsgrunnlag for kommunane i fylket.

I arbeidet med kommuneplanen, når det gjeld bustadbygging, har føringane i samfunnsdelen vore forstått slik: Ein fortetningsplan saman med anna sentrumsnær utbygging skal sikre at 75 % av nye bustader i Leikanger er sentrumsnære. Dei resterande 25 % kan liggje i andre delar av kommunen.

Med sentrum meiner ein eit fysisk avgrensa område med ein viss tettleik av bustader og tenestetilbod. Sentrumssona i planen definerer eit område nær opp til sentrum med potensial for fortetting. Vi skil mellom fortetting innanfor det bebygde arealet i sentrumsområdet og sentrumsnær utbygging. Sentrumsnær utbygging reknar ein som utbygging så nær opp til sentrum /sentrumsområdet at det ligg godt til rette for at ein kan gå eller sykle til funksjonane i sentrum (sentrumsfunksjonane).

Sentrum på Hermansverk er lite og det er relativt få ledige areal innanfor sentrumsområdet. For å nå måla i samfunnsdelen (s 11) der Leikanger kommune «ser det som viktig å vera ein regional bu- og arbeidsmarknad, særleg med tanke på at det skal rekrutterast kvalifisert personell til alle type stillingar,» er det naudsynt med ei sentrumsnær utbygging, transformasjon av sentrum og /eller utviding av sentrum (-sområde).

Dersom ein ynskjer å dekke 75 % av nye bustader innanfor sentrumsområdet, vil det vera svært krevjande utan å miste ein del av identiteten til Leikanger. Dette vil krevje store transformasjonsprosessar der ein legg gate og bygningsstrukturen på nytt innanfor sentrum (-sområdet). Ei utviding av sentrumsområdet vil ta areal knytt til kjerneområde landbruk.

Planframlegget legg opp til ei større sentrumsnær utbygging i Henjabakkane og oppfyller såleis at 75 % av nye bustader er sentrumsnære, i tillegg til fortetting og nokre mindre buområde.

### **Regional plan for klimaomstilling, vedteken i juni 2018**

Planen legg til rette for tiltak både for å redusere klimautslepp, men og for å gjere fylket og kommunane meir robust mot klimaendringar. Regional plan for klimaomstilling konkretiserer samarbeidsstrukturane og dei felles overordna ambisjonane for fylket. Planen set måla for korleis fylket skal jobbe vidare dei neste fire åra.

Det er lagt opp til sentrumsnær bustadutvikling for å redusere transportbehovet i kvardagen, med gode gang- og sykkel samband til sentrum, arbeidsplassar, skular og barnehagar. Det er og lagt opp til gang- og sykkelveg mot Sogndal.

Faresone havnivå og stormflo er justert opp i planen, til kote +3 moh. Det er lagt inn byggegrense langs elvar og bekkar, samt føresegn med krav om grunnundersøkingar på ein del utbyggingsområde under marin grense (særleg fokus på kvikkleire).

### **Regional transportplan, vedteken desember 2017**

Regional transportplan representerer fylkeskommunen sin langsiktige regionale transportpolitikk, og omhandlar heile transportsystemet i fylket.

I regional transportplan 2018–2027 er det utarbeidd ein gå- og sykkelstrategi for å fremje gåing og sykling i Sogn og Fjordane. Denne strategien er også eit ledd i målsetting om å redusere biltrafikken i tettstadane i fylket og dermed redusere klimagassutslepp frå biltransporten.

I planframlegget er det lagt vekt på å få fram gode gå- og sykkelamband knytt til bustad, jobb og fritid.

### **Regional verdiskaping**

Planen skal vere med på å leggja til rette for nyskaping basert på dei naturgevrne fortrinna vi har, gjere fylket attraktivt, for folk som vil skape arbeidsplassar og leggje til rette for kompetanseutvikling.

Leikanger kommune har fleire attraktive arbeidsplassar og kommunen legg til rette for at dei som byrjar å jobbe her også får seg ein plass å bu sentrumsnært.

Leikanger har gode naturområde for friluftsliv og gode landbrukområde. Verdiskaping knytt til dette er det lagt til rette for i planen.

### **Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion**

Planen fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekomstane innan 2021.

Vann-nett.no klassifiserer drikkevasskjelda i Leikanger, Trastadalsvatnet, og Henjaelvi som god.

Planen legg opp til ei byggegrense langs elvar og bekkar som sikrar kantvegetasjon og reduserer faren for forureining.

## **2.3. Kommunale føringar**

Hovudtrekka i gjeldande arealdel for tettstaden Leikanger 2008 – 2016 og arealdelen 2002 – 2014 for resten av kommunen vert vidareført i revidert plan.

### **Tidlegare kommuneplanar**

Tabellen under viser kva bakgrunnsdokument denne revisjonen av planen bygger på, kva tidsperiode dei ulike planane gjeld for og dato for vedtak.

Tabell 1: Viser kva bakgrunnsdokument denne planen bygger på, gjeldande periode og dato for vedtak.

<b>Plan</b>	<b>Tidsperiode</b>	<b>Dato vedtak</b>
<b>Kommuneplan</b>	2002 - 2014	23.10.2003
<b>Kommunedelplan for Leikanger</b>	2008 - 2016	25.06.2009
<b>Samfunnsdel</b>	2015 - 2026	07.05.2015
<b>Planstrategi</b>	2016 - 2019	08.12.2016



### Andre kommunale planar jf. vedteken planstrategi

Under er vist oversikt over planar (temaplanar og arealplanar) jf. vedteken planstrategi for Leikanger kommune.

Tabell 2: Oversikt over diverse planar (temaplanar og arealplanar).

Fleirbruksplan for fjellområda
Barnetråkk
Kartlegging/verdsetjing av friluftsområde
Kartlegging av bustadbehov og preferansar, mellom anna for gruppa 60+
Helse- og omsorgsplan
Kulturminneplan
Plan for idrett og fysisk aktivitet, folkehelse

### Samfunnsdelen og planprogrammet

Samfunnsdelen har ei målsetjing om å auka folketalet med 25 personar i året frå 2016 og i 10 år framover. Prognosen frå fylkeskommunen viser at det trengst mellom 95 og 100 nye bustader fram til 2026.

Leikanger kommune skal vera ein kompetent samfunnsutviklar på næringsliv og busetjing og tilby kommunale tenester av høg kvalitet. Vi skal ha eit målretta folkehelsearbeid som legg opp til trivsel og aktivitet, som igjen resulterer i rekruttering av nye innbyggjarar til kommunen.

Vi skal ha eit mangfalding bustadmiljø med trygge møteplassar og godt nærmiljø. Vi skal gjennomføre ei strategisk utvikling av sentrumsarealet, inkludert ein fortettingsplan som sikrar at fleirtalet (75%) av nye bustader skal vera sentrumsnære. Vi skal kartleggja bustadpreferansane med tanke på vidare utbygging av bustader i sentrum. Vi skal halde fram med å leggja til rette for infrastruktur for dei mjuke trafikantane med særleg fokus på skuleveg, gang- og sykkelveg.

Planprogrammet har fem tema for revisjon av arealdelen, jf Planprogram fastsett 24.04.2017:

1. Busetjing og inkludering
2. Næringsutvikling og verdiskaping
3. Oppvekst, eldre og helse
4. Kultur og fritid
5. Regional utvikling

Etter høyringsrunden utgår fleire sentrumsnære utbyggingsareal i planen. Bustadutbygging som står att i planen er i hovudsak lokalisert til fortetting i sentrum/sentrumssone eller til ny sentrumsnær utbygging i Henjabakkane, Elvatun Hagane, Krosshaug og Berlehagen.

Arealdelen svarar på strategien i Samfunnsdelen i høve å sikre at fleirtalet (75%) av nye bustader i kommunen skal vera sentrumsnære.

For punkta 2-5 sjå kap. 4. Planløyising.

### 3. PROSESS

For at kommuneplanen sin arealdel skal vere eit omforeina styringsdokument er det viktig at befolkninga og brukarane av planen får vere med og påverke innhaldet.

#### 3.1. Medverknad og innspel

Kommunestyret vedtok 12.februar 2016 og starta opp arbeidet med revisjon av arealdelen i kommuneplanen. For å få medverknad frå kommunestyret vart det 10.mars 2016 arrangert plandugnad med fokus på bustadområde. I arealplanen for perioden 2008 – 2016 vart omgrepet sentrumssone, 10 minutts gangavstand frå sentrum på Hermansverk, innført. I sentrumssona er det krav om at utnyttinga minst skal vera 1,5 bustader per dekar. I perioden 2012 til og med 2015 vart 60% av bustadane bygd i sentrumssona og 40% utanfor. I arealplan 2016-2026 gjeld sentrumssona område for fortetting med maks 10 min gangavstand til sentrum.

Kommunestyret kom til at av dei 107 bustadeiningane som ligg i reserve i gamal arealplan (2008-2016) bør 61 fylgje med over i den nye. 46 utgår, dei fleste på grunn av jordbruksinteresser. I undersøkinga om kva som er dei viktigaste kriteria for attraktive nye bustadområde kom utsikt, soltilhøve og nærleik til barnehage og skule på topp.

Framlegg til planprogram og invitasjon til å komma med innspel vart utlagt 13.juli 2016 med frist 7.september 2016. Den 5.september 2016 vart det arrangert folkemøte. I planstrategien er det dokumentert Leikanger si store utfordring med å få fleire av dei som får arbeid i kommunen til i busetja seg her. Planprogrammet vart supplert med utgreiingsdel etter krav frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordande. Endeleg planprogram vart fastsett av kommunestyret 24.april 2017 i sak 15/17.

Til varsel om oppstart opna ein for innspel. Formannskapet handsama innspela, dei innspela som vart vedtekne å gå vidare med er vurdert i konsekvensutgreiinga. Formannskapet handsama 42 innspel i lag med framlegg frå rådmannen. Av dei 42 innspela var det fem som ikkje vart teke inn i planen til utgreiing. Av innspela var 29 knytt til bustadareal, fem til næring, fire til idrett og fritid, eitt til nytt veganlegg, eitt til offentleg bygg og to som gjeld LNF /grøntstruktur. Dei aller fleste innspela vart handsama i formannskapsmøte 07.april 2017 i sak 22/17. Formannskapet tok også opp til handsaming innspel som kom inn etter denne dato, siste gong i kommunestyremøte 31.januar 2018.

#### 3.2. Metode

Plan- og bygningsloven § 4-2 første ledd seier at alle planar skal ha ein omtale som beskriv planen sine føremål, hovudinnhald og verknader.

For kommuneplanen sin arealdel skal fokus vere å gje overordna avklaringar rundt lokalisering og arealføremål. Det er laga ei konsekvensutgreiing og ROS-analyse som tek føre seg nye område, i hovudsak med utgangspunkt i føreliggjande /kjent informasjon og dagens situasjon. Målet er at konsekvensutgreiinga og ROS-analysen på dette plannivået skal gje eit godt nok avgjerdsgrunnlag for å vurdere om området eignar seg til foreslått arealbruk eller ikkje. Det er valt å bruke ein metodikk med inndeling i +, 0 og - for å gjera vurderingane enkle å formidle.

Konsekvensutgreiinga er utarbeidd med utgangspunkt i rettleiaren frå miljøverndepartementet (T-1493), i samsvar med denne er det laga ei *samla* vurdering av planen sine verknader. Dette for at ein kan vurdere om planen samla sett er akseptabel i høve til miljø og samfunn. Det er i planomtala gjort ei vurdering av planen sine verknader gruppert etter arealføremål /miljøtema. Sjå konsekvensutgreiing og ROS-analyse for meir detaljert metodikk for dei ulike miljøtema.

Arealplanen konkretiserer noverande og framtidig arealbruk. I planen er det i hovudsak valt å vere generell i val av type byggeområde og i stor grad overlata til etterfylgjande regulering å spesifisere dette nærmare.

## 4. PLANLØYSING

Kommuneplanen sin arealdel skal i nødvendig utstrekning visa arealføremål som er lista opp i § 11–7 nr 1-6 i plan og bygningslova. Hovudføremåla vert inndelt i aktuelle underføremål. Hovudføremål nr.5, Forsvaret, har ikkje areal i Leikanger.

Arealdelen viser også omsynssoner jf. § 11-8 nr a, c, d og f.

### 4.1. Tilhøvet til tidlegare planar

Utbyggingsområda som var med i kommunedelplanen for Leikanger 2008 -2016 vert i noko grad vidareførde. I område Njøs vest (gnr.24 bnr.18) som i førre plan var avsett til bustad, institusjon og barnehage, vert i alt 15 daa ført tilbake til LNF-område. Bustadfeltet Myri på Henjum som i førre plan var avsett til bustad, vert i alt 6 daa ført tilbake til LNF. Bustadfeltet på Ohnstadhaugen som i førre plan var avsett til bustad, vert i alt 7 daa ført tilbake til LNF og ved Gjertrudbakken, nord for Njøsaelvi, vert 4,2 daa bustadareal ført tilbake til LNF.

Skule- og idrettsanlegget ved Leikanger barneskule med den alternative tomta for idrettshall og treningsfelt er trekt ut av planen og 10,5 daa er ført attende til LNF-område. I Husabø er 7,2 daa teke ut som bustadareal og erstatta med eit areal på 3,5 daa på Hanahaug.

Tabell 3 under viser reguleringsplanar som framleis vil gjelde der dei ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel. I desse planane kan føresegner knytt til dei enkelte område vidareførast med tanke på byggehøgde, utnyttingsgrad, byggegrense, parkeringsdekning og liknande.

Reguleringsplanar i tabell 4 under vert vidareført uendra i kommuneplanen sin arealdel, og er vist med omsynssone H910 i plankartet.

Tabell 3: Tabellen viser reguleringsplanar som framleis vil gjelde der dei ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel.

Nr. (Plan. ID)	NAMN	Godkjenning	Merknad
1419-1973001	Leikanger Nord	05.11.73	Berre deler er godkjent
1419 1973002	Hanahaug sentrum	07.12.73	
1419 1974001	Bustadfeltet Henjahaugane	23.10.74	
1419 1977001	Bustadfeltet Seberg	01.03.77	
1419 1977002	Gang- og sykkelveg Leikanger – Hermansverk	21.04.77	
1419-1979001	Bustadfeltet Dalen	12.11.79	
1419 1980001	Industriområde i Hagane	30.09.80	
1419 1981001	Vestre del av Strandavegen	30.01.81	
1419 1981002	Hermansverk sentrum	06.06.81	Endra 25.06.82
1419 1982001	Reguleringsendring Hermansverk v/Sparebanken	25.06.82	
1419 1983001	Bustadfeltet Røysaleite	11.05.83	Endra 24.03.94
1419 1983002	Bustadfeltet Dalen 2	30.09.83	Endra 26.08.85
1419 1984001	Tinghusområdet	05.06.84	
1419 1985001	Kyrkjelydshuset	03.10.85	
1419 1988001	Vegutløysing vest for ungdomsskulen	21.03.88	
1419 1989001	Bustadfeltet Monken	06.06.89	

1419 1992001	Industriområde og skytebane på Moene	17.12.92	
1419 1993001	Gravplass i Husabø	04.03.93	Endra 16.12.93
1419 1993002	Gangveg/bustader på gnr.12 bnr.67 i Husabø	06.05.93	
1419 1994001	Bustadfelt på gnr.12 bnr.141 i Husabø	24.03.94	Endra 20.10.00
1419 1994002	Reguleringsendring Hanahaug v/S-laget	14.12.94	
1419 1995001	Bustader i Hagane	01.06.95	
1419 1995003	Reguleringsendring Hermansverk v/Njøsaelvi	22.06.95	
1419 1995004	Syrstrand Gartneri	22.06.95	
1419 1996002	Bustader i Nilsdalen	27.06.96	
1419 1997001	Hytteutbygging, friareal Verken	18.12.97	
1419 1998001	Bustader i Gjertrudbakken	30.10.98	Endra 24.03.00
1419 1999001	Bustadfeltet Nybøstrondi	11.02.99	
1419 1999002	Røysaleite, vasshandsamingsanlegg	15.04.99	
1419 2000001	Tomt til Statens Hus, Jakobgården	17.02.00	
1419 2000002	Sjukeheim på Ohnstadhaugen m/vegframføring	02.11.00	Endra 20.11.14
1419 2001001	Bustadfeltet Solbakken	21.06.01	
1419 2001002	Hanahaug v/Leikanger Auto	21.06.01	
1419 2001003	Leikanger barneskule/Leikanger idrettspark	23.08.01	
1419 2005001	Bustadfeltet Nybø	18.01.05	
1419 2005002	Fatlatunnelen	23.06.05	
1419 2006001	Skjeljaviki	27.04.06	Endra 22.03.07
1419 2007001	Nybø Nord	01.02.07	
1419 2007003	Lerumfabrikken – Riverdalen	31.05.07	
1419 2007004	Gang- og sykkelveg Skjeljaviki – Fatlaviki	21.06.07	
1419 2009001	Sanden i Husabø	05.02.09	
1419 2011002	Berlehagen	16.06.11	Er under endring

Tabell 4: Tabellen viser reguleringsplanar som vert vidareført uendra i kommuneplanen sin arealdel.

Nr. (Plan. ID)	NAMN	Godkjenning	Merknad
1419 1995002	Bustadfeltet Lundene	22.06.95	Endra 22.06.00
1419 2002001	Bustadfeltet Grønlund	12.09.02	
1419 2002002	Bustadfeltet Hjedl	28.11.02	
1419 2005003	Aarskogbygget	10.11.05	
1419-2007005	Reguleringsendring Grønlund	27.11.07	
1419 2008001	Fjordheim	28.02.08	
1419 2008002	Bustadfeltet Austaberg	19.06.08	

1419 2010001	Endring Riverdalen	15.04.10	
1419 2010003	Endring Bama-tomta	22.02.10	
1419 2010002	Endring Nybø	17.06.10	
1419 2010004	Bustadfeltet Sanden	23.09.10	
1419 2011001	Elvatun	14.04.11	
1419 2013001	Kvålen	26.09.13	Erstattar delvis 1992001
1419 2013002	Steinuttak i Heggdalene	26.09.13	
1419 2013003	Stadheimgarden	14.11.13	
1419 2014001	Njøsavegen	25.09.14	
1419 2014003	Endring av sjukeheimstomta på Ohnstadhaugen	20.11.14	
1419 2014002	Siktutbetring rv 55 - Leitevegen / Henjavegen	11.12.14	
1419 2015001	Detaljplan for Hatlebakkane	10.12.15	

## 4.2. Bygningar og anlegg (§11-7 nr 1)

Underføremål er: bustader, fritidsbustader, sentrumsføremål, kjøpesenter, forretningar, bygningar for offentleg eller privat tenesteyting, fritids- og turistføremål, råstoffutvinning, næringsbygg, idrettsanlegg, andre typar anlegg, uteopphaldsareal og grav- og urnelundar.

### 4.2.1. Bustader

Ved utarbeiding av arealdelen vert desse føringane frå kommuneplanen sin samfunnsdel lagt til grunn:

- Få eit mangfaldig bustadmiljø med trygge møteplassar og godt nærmiljø
- Arbeida for å etablera bumiljø som legg opp til sosial aktivitet
- Gjennomføra ei utvikling av sentrumsareal, som sikrar at fleirtalet (75%) av nye bustader i kommunen skal vera sentrumsnære
- Arbeida for ei strategisk utvikling av areala i sentrum

Bustadbehovet er stipulert ut frå erfaringstal, folketalsutvikling og disponibelt areal i gjeldande arealplan. I perioden 2009 – 2015 er det i snitt bygd 10,3 nye bueiningar per år.

Tabell 5: Bustadbygging i perioden 2009 - 2015.

År	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Sum
Tal bueiningar	19	7	16	9	3	8	62

### Bustadstrategi

Det er mest utfordrande å finna bustadareal for tettare bebyggelse i sentrumssona. Her er det minst ledig areal for utbygging.

Folketalet har dei 9 siste åra hatt ei positiv utvikling.

Tabell 6: Folketalsutvikling frå 2009 til 2017.

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<b>Folketal</b>	2156	2182	2225	2236	2255	2268	2276	2298	2332

I samfunnsplanen er målsetjinga å arbeida for ei auke i folketalet med 25 personar i året frå 2016 og i 10 år framover.

Det gjev denne utviklinga av folketalet:

Tabell 7: Prognose for folketalsutvikling i Leikanger kommune.

År	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026
<b>Folketal</b>	2298	2332	2348	2373	2398	2423	2448	2473	2498	2523	2548

Folketalsframskriving for Leikanger (Kjelde: SSB.no, tabell 11168 og 06913) gjev eit folketal på 2385 i 2026. Talet på born i førskulealder vil halda seg nær konstant på dagens fødselstal 27 born. Talet på pensjonistar vil auka med 55 i gruppa 70 til 79 år, 42 i gruppa 80 – 89, medan gruppa 90 år og eldre vil vera konstant.

Leikanger har eit stort overskot av pendlarar inn til dei store offentlege arbeidsplassane. I 2017 var det 872 arbeidstakarar som pendla inn til Leikanger og 390 ut, ein differanse på 482.

Målsetjinga for Leikanger kommune er difor ambisiøs, men kan vera realistisk ved å få ein større del av dei som jobbar her og blir rekrutterte hit til å velja Leikanger som bukommune.

Kartleggingar av bureferansar og bustadbehov gjort blant tilsette i dei offentlege verksemdene som er lokaliserte i Leikanger, underbygger dette. Kartlegginga viser at mange har vurdert og ser på Leikanger som ein aktuell bukommune, og at mangel på attraktive einebustadtomter dei seinare åra, har vore ein hemmar for auka busetting.

Planframlegget med skissert bustadsatsing må også sjåast i lys av mål og strategiar i den politiske plattformen i nye Sogndal kommune. I Leikanger er det potensiale for å utvikle attraktive område for einebustader nær til skule, barnehage og sentrumsfunksjonar, medan Sogndal er det urbane senteret med konsentrert småhusutbygging. Med utgangspunkt i Leikanger si rolle som viktig arbeidsstad i den nye kommunen og i regionen, er det naturleg å legge til rette for attraktive buområde nær til arbeidsplassane.

Dette er i tråd med nasjonale retningslinjer for samordna transport- og arealplanlegging, og med nasjonale forventningar til kommunal planlegging.

Leikanger kommune vurderer etter dette bustadbehovet ut planperioden slik:

- Folkeauke 250 innbyggjarar.
- Tal personar per bustad 2,35.
- Behov for nye bustader  $250 \text{ personar} / 2,35 = 106$  bustader.

### Nye bustadareal – oppsummering

Tabellen under viser ei oversikt over nye bustadområde i planen og deira plassering i høve sentrumsona, bestemmelsesområde #2. Områda som er utanfor sentrumssona ligg nær opp til denne.

Tabell 8: Tabellen viser ei oppsummering av nye bueiningar.

Namn	Areal (daa)	Sentrum (#2)	Bueiningar	Feltnamn
Gjertrudbakken	0,5	Ja	4	B12
Lahella	4,1	Ja	6	B 29
Krosshaug	3,0	Nei	3	B 33
Røysavegen 25	1,3	Ja	1	B 35
Røysavegen nord	2,0	Nei	1 (-4)	B 37
Ådnegarden vest	2,2	Nei	6	B 46
Henjavegen vest	1,2	Nei	2	B 52
Henjabakkane	100,0	Nei	100	B 55

Dette gjev 123 nye bustadeiningar, av desse er 11 innanfor sentrumssona og 112 like utanfor.

Det er ein del reservar i gjeldande arealplan. Dei planlagde bustadområda i gjeldande arealplan er spreidd rundt om i bygda på i alt 11 ulike stader. Kommunestyret har som strategi at i arealplanen skal minst 75% av dei planlagde bustadene skal vere sentrumsnære og at bustadareala i sentrum /sentrumssona skal ha høg utnytting (bustader pr. arealeining), jf. bestemmelsesområde #2 på plankartet (sentrumssona). Grunngevinga for denne strategien er å fremja ein effektiv utnytting av eksisterande infrastruktur, offentlege og private bygg og tenester. Ein slik strategi vil òg gje ein positiv miljøeffekt på grunn kortare reiselengder og større mogelegheiter for utnytting av fjordvarme til oppvarming.

#### Bustadreservar i eksisterande plan som vert med i ny plan

Tabellen under viser ei oversikt over bustadreservar i eksisterande plan som vert med i ny plan, tabellen syner også status for utbygginga og tal bustader i reserve for dei ulike lokalitetane. Feltnamnet viser til namneforkorting i plan.

Tabell 9: Tabell viser bustadreservar i gamal plan (2008-2016) som vert med i ny plan.

Lokalisering	Status	Kommentar	Bustader	Feltnamn
Elvegard	Påbygg på næringslokale	Reguleringsplan godkjent	6	BS 08
Fjordheim	Tomt næringslokale	Reguleringsplan godkjent	4	BS 10
Hanahaug	Tomt næringslokale	Levert søknad om tiltak	3	BS 14
Hatlebakkane	Under ombygging	Reguleringsplan godkjent	10	H910_18
Riverdalen 1	Frukthage	Reguleringsplan godkjent	6	Del av B 15
Riverdalen 2	Utmark	Ikkje reguleringsplan	6	Del av B 15
Elvatun Hagane	Tomt næringslokale	Reguleringsplan godkjent	6	Del av B 22
Nybø	Gamal hage	Vert vurdert oppstarta	3	B 54

<b>Skeie Vest</b>	Beite og slåttemark	Ikkje reguleringsplan	5	Del av B 32
<b>Berlehagen</b>	Delvis utbygd	Reguleringsplan under endr.	8	Del av B 38
<b>Hanahaug Nord</b>	Omdisponering godkjent	Reguleringsplan oppstarta	4	B 75

Av bustadreservane er 32 stk leilegheiter og 13 einebustader innanfor sentrumssona samt 9 stk leilegheiter og 7 stk einebustader utanfor.

Samla hadde Leikanger kommune ein tomtereserve på 80 husvære ved årsskiftet 2017/2018. Det er berre Berlehagen som kommunen er eigar av. Av dei attverande arealet er det berre eit avgrensa tal eigarar som har vist interesse for utbygging. 61 av desse vert med i ny plan.

### **Henjabakkane – det nye store bustadfeltet (B55 på plankartet)**

I innspelfasen tok fire grunneigarar kontakt og bad om eit møte med kommunen med sikte på eit mogeleg nytt byggefelt i tilknytning til Henjavegen. Grunneigarane ynskte å vita meir om kommunen sine planar knytt til dette.

I arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen er behovet for eit nytt, større byggefelt eit aktuelt tema. Leikanger har i dag eit behov på mellom 20-25 nye bustader per år. Det er eit politisk ønskje å planlegge eit nytt, større område for dette føremålet. I praksis er det snakk om eit større bustadområde som kan planleggast med stegvis utbygging. Eit alternativ som vart vurdert er å omdisponere tidlegare landbruksareal nord for Henjavegen. Denne arealdisponeringa er lagt inn i arealplanen.

Formannskapet vedtok å utgreia dette området nærare som ein del av planprosessen. Overflatevatn, bekkar og grøver vart registrerte. Det same gjaldt geologiske tilhøve – skred. Kulturlandskap, naturmiljø og fornminne vart registrerte. Det vart utarbeidd hellingskart, området er bratt (om lag 1:3). Det må opparbeidast ny samleveg til og gjennom feltet. Her vart i alt åtte vegalternativ vurderte, og løysinga som vart vurdert som gunstigast er lagt inn på plankartet. Frå samlevegen vart det vurdert flate bustadvegar med ulike bustadtypar. Samlevegen skulle også fungere som ein avlastningsveg for Øvre Leite.

Kommunen inviterte grunneigarar og naboar til møte der planane vart presenterte. Dei inviterte fekk høve til å komma med innspel i etterkant av møtet. Området inneheld omlag 100 bueiningar. I arealplanframlegget er det med full utbygging av Henjabakkane.

### **Nærmiljø**

Det er lagt inn nokre koplingar langs fjorden for å sikre betre tilgang til friområde og nærmiljø generelt. I KU-utgreiinga er det lagt vekt på at buområda har tilgang til nærmiljøanlegg, friområde, skule, barnehage og sentrumsfunksjonar.

#### **4.2.2. Fritidsbustader**

Det er ikkje lagt ut nye areal for fritidsbustader.

#### **4.2.3. Naust**

I reguleringsplanen for Strandavegen vil det bli lagt til rette for bygging av eit fåtal naust. Denne reguleringsplanen vert handsama om lag samstundes med arealdelen i kommuneplanen.



#### 4.2.4. Sentrumsføremål

Føremålet dekker bygningar som inneheld forretningar, tenesteyting, bustader, kontor, hotell/overnatting med naudsynt grøntareal. Bruken av sentrumsføremål som samlande for desse funksjonane, sikrar fleksibilitet i utnyttinga av sentrumsområdet.

Med utgangspunkt i sentrumsanalysen er store deler av sentrum oppgradert. Ei av utfordringane for Hermansverk som tettstad og sentrum er korleis ein skal skapa kontakt med fjorden.

#### 4.2.5. Offentleg eller privat tenesteyting

Kommunen vurderer at eksisterande tomt og gjeldande område ved Leikanger helsesenter på Ohnstadhaugen har tilstrekkeleg areal for utbygging i fleire trinn.

#### 4.2.6. Fritids- og turistføremål

Det er lagt ut areal for bygging av utleigehytter på Vetten (9/8), i tillegg til nåverande areal for utleigehytter i Strandavegen (12/21), i Verken og på Hella. Bakgrunnen er ynske om å skape næringsutvikling og vekst.

Tiltaka har potensial til å betre tilrettelegging gjennom avkøyrsløse og parkering på ein trygg måte. Tiltakshavar legg til grunn mindre fysiske tiltak og tilgang til miljøvenlege sanitæranlegg for å auke tilgangen i strandsona.

Den private reguleringsplanen i Verken frå 1997 er framleis med i arealplanen. Denne planen legg i hovudsak til rette for bygging av 15 utleigehytter og etablering av badeplass med parkeringsplassar.

#### 4.2.7. Råstoffutvinning

Det er to steinuttak i planen. Steinbrotet på Verken har planar om å starta opp att etter 25 år stillstand. Uttaket i Verken ligg inne i arealplanen frå 2002. Steinuttaket i Heggdalene driv med godkjend reguleringsplan og konsesjon.

#### 4.2.8. Næringsbygningar

Utviklinga har i dei siste åra vorte konsentrert om Hermansverk sentrum. Dette har ført med seg at kontorbygg andre stader i kommunen for tida står tomme. Det ligg inne i gjeldande plan eit næringsområde for industri/lager på Kvålen. Det er utarbeidd reguleringsplan for området. Kommunen har kjøpt arealet og opparbeidd 8 daa.

For Leikanger kommune er kontorbygg for offentleg administrasjon dei viktigaste næringsbygga. Det går føre seg omfattande strukturendringar i denne bransjen. Det er for tida så pass mykje ledig kontorareal at endringane vert dekkja opp. I tillegg har Leikanger kommune tomme lokale i Tinghusanlegget. Det er i planen ikkje sett av nye areal til denne typen næringsareal.

Frå tidlegare planar er det med utviding av fyllinga i fjorden vest for Sognefrukt sitt anlegg i Hamrebukta.

#### 4.2.9. Idrettsanlegg

Frå Leikanger Jakt- og Fiskelag har det komme ynskje om å utvida leirduebana på Kleppa med rifleskyting. Før ein kan gå vidare med denne saka må det avklarast eventuelle endringar i sikkerheitssonene, støyforholda og skytetidene for rifleskyting.

Ved skule- og idrettsområdet ved barneskule/stadion er tomt med bygg for symjehall med parkering teke ut. Det same gjeld tomt for ballspel.

Det vert tilrådd å sjå nærare på Kleppaområdet, ein reguleringsplan kan vera eit godt grep, då det er mange ulike brukarinteresser i området.

#### 4.2.10. Kombinert byggje- og anleggsformål

Det er sett av areal for brannstasjon på kaiområdet Hanahaug, føremålet er kombinert byggje- og anleggsføremål. Føremålet skal dekke dagens bruk (venterom, lager, busshaldeplass mm) og brannstasjon.

#### 4.3. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL§ 11-7 nr 2)

Underføremål: veg, bane, lufthamn, kai/hamn, hovudnett for sykkel, kollektivnett, kollektivknutepunkt, parkeringsplassar, trasear for teknisk infrastruktur.

Nye veganlegg er gang-/sykkelveg langs rv 55 frå Kløvi til grensa mot Sogndal.

Det er utarbeidd reguleringsplan for utbetring og fortau på samlevegen Njøsavegen. Denne fylkesvegen har diverre ikkje komme høgt nok i prioritering for å kunne realiserast.

Det er lagt inn nokre koplingar for betre gangsamband i bygda og langs fjorden, til dømes kopling frå leikeplassen ved Nybø til stranda og turveg /snøggveg frå Brundene til Holerunane. Det er og lagt inn nytt køyre- og gangvegsystem i nytt buområde, Henjabakkane.

Leikanger kraftverk har fått konsesjon for utbygging. Vatn frå Henjadalen skal førast via Grindsdalen til kraftverket i Suppham. Utbygginga er godkjent som dispensasjon frå gjeldande arealplan for tiltaka i Suppham og Grindsdalen. I Henjadalen er godkjenninga avhengig av at ny løysing for Leikanger vassverk vert godkjend. Dette tiltaket vil bli handsama særskilt av kommunestyret.

Det er sett av areal for hamn på Hanahaug.

#### 4.4. Grønstruktur (PBL§ 11-7 nr 3)

Underføremål: ma. grøntstruktur, naturområde, turdrag, friområde og parkar.

Tabell under viser viktige friområde i gjeldande plan som vert vidareført. GF02, GF30, GF34 og G15 er viktige nye friområde/ ny grøntstruktur i planen.

For å sikre tilgjenge til Verken som badeplass er det i planen lagt inn ein parkeringsplass, som illustrert i gamal reguleringsplan.

Tabell 10: Viser friområde i gjeldande plan som vert vidareført, feltnamn viser til namneforkorting på planen.

Friområde	Feltnamn
Grauthaug	GF 01
Nokkaneset	GF 03
Badeplass i Pilaviki	GF 04
Dalen	GF 07, 09, 11
Aneflaten	GF 12
Hjedl	GF 13
Seberg/Henjahaugane	G 13
Røysaleite	GF 16, 17
Nybø	GF 20
Lunden	GF 22, 23

<b>Ungdomsskulen</b>	GF 25
<b>Leite</b>	GF 26, 27
<b>Hanahaug</b>	GF 31
<b>Hamre</b>	GF 32
<b>Verken</b>	GF 33

#### **4.5. Landbruk- natur og friluftsområdet (PBL§ 11-7 nr 5)**

Areal for naudsynte tiltak og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag. Det er i arealplanen ikkje sett av LNF-område der spreidd bygging av bustader, fritidsbustader og næringsføremål er tillate.

Om lag 50 daa som var avsett til byggeområde i førre plan er tilbakeført til LNF-område i denne planen.

#### **4.6. Bruk og vern av sjø og vassdrag og tilhøyrande strandsone (§11-7 nr 6)**

Underføremål: ferdsel, farleier, fiske . akvakultur, drikkevatn, natur- og friluftsområde kvar for seg eller i kombinasjon.

Det bør utarbeidast ei ny strandsoneanalyse, gjeldande analyse er frå 1991.

##### **4.6.1. Eksisterande småbåthamner**

Leikanger småbåthamn, feltnamn VS 1 og VS 2.

##### **4.6.2. Område for fiske**

Områda som er registrerte låssetjingsplassar er vidareført frå førre plan, feltnamn VFI01, 02 og 03.

##### **4.6.3. Fartsbegrensing til sjøs (bestemmelsesområde #1)**

Dette er eit belte på 200 meter langs strandlina der det skal visast særleg omsyn i høve fart.

#### **4.7. Omsynssoner**

I samsvar med plan og bygningslova § 11-8 skal kommuneplanen vise omsyn og restriksjonar som har innverknad for bruken av areal. Omsynssonene nemnd under utgjer ei kartfesta innteikning av kva det er naudsynt å ta omsyn til ved planlegging av areala. Det er arealføremålet som seier kva arealet kan brukast til, medan omsynssona seier kva restriksjonar ein må ta omsyn til. Omsynssoner kjem i tillegg til planføremålet, og fastset gjennom føresegner eller retningsliner kva for særlege omsyn som skal gjelda for tiltak i området. PBL § 11-8 spesifiserer 6 hovudtypar av omsynssoner. I denne planen er soner under a, c, d og f gitt juridisk bindande føresegner.

##### **4.7.1. Sikringsone, faresone m.m. – PBL §11-8a**

Sikringsone nedslagsfelt drikkevatn og vassverk, H110.

Faresone skytebane, H360, Eivaldgjerde og Kleppa.

Faresone skredfare, H310, i samsvar med aktsemdskarta for jord- og flaumskred og steinsprang (NVE) og snø- og steinskred (NGI).

Faresonekart, faresone flaum, H320, stormflo langs fjorden.

NVE har ikkje utarbeidd flaumsonekart for Njøsaelvi, Henjaelvi, Risagrovi og Sandsgrovi. Dambrot for dammen i Trastadalen er omtala i ROS-analysen.

#### **4.7.2. Sone med særleg omsyn til landbruk, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse - PBL §11-8 c**

Omsynssone naturmiljø H560, til dømes slåttemark og vi har synleggjort hule eiker.

Leikanger kommune har ansvar for planlegging av bruk og vern av kommune sine areal gjennom overordna planar, og planlegginga skal leggje til rette for at arealbruk vert best mogeleg til den enkelte og samfunnet. Dette er godt ivareteke gjennom kommuneplanen sin arealdel. Kommunen er rik på kulturminne, både frå førhistorisk tid og frå nyare tid, noko som gjev kommunen eit stort ansvar for forvaltning av kulturminne lokalt. Den vedtekne kommunedelplanen for kulturminne er eit sjølvstendig juridisk dokument. Ved denne rulleringa har vi synleggjort omsynssoner for dei mest sentrale kommunalt prioriterte kulturminna. Prioriterte kulturmiljø og kulturlandskap er i planen vist som H570\_1-41 (miljø) og K (enkeltobjekt) med tilhøyrande føresegner og retningslinjer, i tråd med plan- og bygningslova § 11-8.

Kulturminneplanen er meir detaljert enn arealdelen, til dømes ligg vatningsveitene i kulturminneplanen og ikkje i arealdelen. I forvaltninga av kulturminne i Leikanger kommune må kommunedelplan for kulturminne brukast i tillegg til arealdelen.

Omsynssone kulturmiljø H570, bevaring kulturmiljø og særleg omsyn til kulturlandskap.

#### **4.7.3. Sone for bandlegging i påvente av vedtak etter pbl eller andre lover, eller som er bandlagt etter slikt rettsgrunnlag, med angivelse av føremålet, PBL § 11-8d**

Bandlegging etter lov om naturvern, H720 – til dømes verna vassdrag (Kvinnafossen) og større område med edellauvskog.

Bandlegging etter lov om kulturminne, H730 – freda kulturminne (automatisk freda, vedtaksfreda, forskriftsfreda, listeførte eller marine kulturminne). Til dømes førhistoriske kulturminne, Leikanger kyrkje frå mellomalderen, nedlagde kyrkjestader frå mellomalderen, Leikanger prestegard og politimeisterbustaden, m.fl.

På plankartet er område som er bandlagt etter lov om kulturminne vist som H730\_1-28 (miljø) og rune R (enkeltobjekt).

Bandleggingssone etter andre lover, H740. Sona gjeld for kraftleidningar i planen.

#### **4.7.4. Sone der gjeldande reguleringsplan fortsatt skal gjelde uendra. Ved bruk av denne omsynssona skal kommunen vurdere om reguleringsplanane er i samsvar med nasjonale og regionale interesser, PBL § 11-8 f**

Omsynssone H910, jf liste i tabell 4 over planar som framleis skal gjelde.

## 5. PLANDOKUMENT

- Planomtale
- Føresegner og retningslinjer
- KPA Leikanger plankart (1:25 000 i A0 format)
- KPA Leikanger plankart, med ras- og skredfare (1:25 000 i A0 format)
- KPA Leikanger /Hermansverk plankart (1: 7500 i A0 format)
- KPA Leikanger /Hermansverk plankart, med ras- og skredfare (1: 7500 i A0 format)
- Konsekvensutgreiing og ROS-analyse, vedlegg 1

Link til digitalt plankart:

<http://asplanviak.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=1093fb2547b64cfaa8cb9ee2f4d722e9>